

ÅRSPLAN

2021-2024

KOMMUNALE BARNEHAGAR I NORD-FRON KOMMUNE



Kvam barnehage Åa



Toksebakken barnehage



Ruste barnehage



Skåbu barnehage

Innhold

Føremålet	5
Innleiing	6
Kvam barnehage Åa.....	7
Ruste barnehage.....	7
Toksebakken barnehage.....	7
Skåbu barnehage	7
Verdigrunnlaget.....	8
Barn og barndom.....	8
Demokrati.....	8
Mangfald og gjensidig respekt	8
Likestilling og likeverd	9
Berekraftig utvikling	10
Livsmeistring og helse	10
Omsorg, leik, danning og læring.....	11
Omsorg	11
Leik	11
Danning	12
Læring.....	12
Inkluderande fellesskap, tilhøyrse og venskap.....	13
Barn sin rett til medverknad.....	13
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	14
Planlegging	14
Dokumentasjon	14
Vurdering.....	15
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet til barn som treng ekstra hjelp og støtte.....	15
Arbeidsmåtar	16
Prosjektarbeid	16
Leike- og læringsmiljøet	17
Progresjon	17
Digital praksis	18
Kommunikasjon og språk	18
Trafikksikker barnehage	19
Fagområda.....	20

Kommunikasjon, språk og tekst	20
Kropp, rørsle, mat og helse	20
Kunst, kultur og kreativitet.....	20
Natur, miljø og teknologi.....	20
Mengd, rom og form	21
Etikk, religion og filosofi	21
Nærmiljø og samfunn.....	21
Samarbeid.....	22
Barnehage – foreldre/heim	22
Foreldreundersøking	22
Formelle samarbeidsorgan i barnehagen	23
FAU – foreldrerådets arbeidsutval	23
Arbeidsoppgåver til FAU.....	23
SU – samarbeidsutval	23
Arbeidsoppgåver til SU	23
Tverrfagleg samarbeid.....	23
Overgangar	25
Oppstart i barnehage	25
Overgang mellom barnehagar og mellom grupper internt.....	25
Overgang frå barnehage til skule	25



Føremålet

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.


Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Formålsparagrafen fra Lov om barnehager Barnehagelova § 1).


Innleiing

Rammeplan stiller krav om at barnehagen skal utarbeide ein årsplan. Årsplanen er utarbeidd av og gjeld for *Kvam barnehage Åa*, *Ruste barnehage*, *Skåbu barnehage* og *Toksebakken barnehage*.

Årsplanen byggjer på føringar i lova om barnehagar og forskrifta rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. I tillegg til årsplanen blir det utarbeidd andre planar for stuttare eller lengre periodar. Det blir òg vist til andre vesentlege dokument som følgjer årsplanen.

Årsplanen er vedteken av samarbeidsutvalet september 2021 og gjeld frå hausten 2021 og fram til og med juli 2022. Årsplan er revidert og godkjent i styremøte 29.april 2022 og er gjeldande for barnehageåret 2022/2023 og 2023/2024. På grunn av svært få endringar vurderas det ikkje som hensiktsmessig å ta opp i samarbeidsutvalet.





Kvam barnehage Åa

Kvam barnehage Åa tok i mars 2012 i bruk heilt nybygd barnehage, og er godkjend for 56 plassar. Den ligg midt i bygda med eit nærmiljø som byr på gode opplevingar knytt til natur og friluftsliv, kulturliv og idrett. Barnehagen har to avdelingar; Veslåa (1–2-åringar) og Storåa (3–6-åringar). På Storåa er gruppene Kæillbekken, Børju og Kvæinnhøl'n. Namna på avdelingane og gruppene er knytt til elva og plassar langs elva som er naturlege turmål for barnehagen.

Ruste barnehage

Hausten 2008 kunne Ruste barnehage opne i nyrestaurerte lokal, i det som tidligare hadde vore Ruste skule. Tre barnehagar vart samla til ein.

Barnehagen er godkjend for 98 plassar. Vi har fem avdelingar som alle har namn etter velkjende stader i bygda: Hånåhoppet, Liaåksla, Brakjeberget Feforkampen og Hågåhaugen. Hågåhaugen er ei friluftsavdeling for dei eldste ungane i barnehagen, og avdelinga har ordna seg eit eige uteområdet med gapahuk og div. i eit skogsområde i nærleiken av barnehagen.


Vi legg vekt på å gje barna moglegheit til varierte opplevingar i naturen og i nærmiljøet.

Toksebakken barnehage

Toksebakken barnehage tok i mai 2012 i bruk heilt nybygde lokalar som ligg med skulen som næraste nabo. Barnehagen er godkjend for 56 plassar. Barnehagen er sentrumsnær og nyttar det saman med barna. Namnet til barnehagen er geografisk forankra, da hoppbakken som låg her tidlegare hadde same namn. Avdelingane har namn frå Sødorpfjellet: Gråhøa, Mjølboela og Krøkla.

Skåbu barnehage

Barnehagen er ein del av Skåbu oppvekst som ligg i fjellbygda Skåbu. Vi har barnehage og 1-7.klasse. Skåbu oppvekst har fokus på pedagogisk entreprenørskap som læringsstrategi. Vi har store, gode lokale og vi har høve til å bruke mellom anna symjehall, gymsal, skulebibliotek, sløydsal og skulekjøken. I tillegg har vi eit stort uteområde for leik, ei grillhytte og vi bruker aktivt naturen rundt oss. Barnehagen har to avdelingar, Solsida og Maurtuva, med til saman 30 plassar. Barnehagen samarbeidar med SFO, morgon og eftaen.



Verdigrunnlaget

Barn og barndom

Korleis vi ser på barn og barndom har mykje å seie for korleis vi møter barn. Vi ser på barn som subjekt, som sjølvstendige individ med eigne kjensler, meiningar og tankar. Barn er ikkje objekt som skal formast av føresette og tilsette, men barn er med på å forme dei kring seg. Vår oppgåve blir å freiste å forstå deira opplevingar, perspektiv og intensjonar. Barn sine liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sine eigne liv. Barndom har eigenverdi og i det ligg at barndom ikkje berre er ei førebuing til livet etter barnehagen. Ein viktig del av å anerkjenne barndommen sin eigenverdi er å gje rom for leik. Leik er den aktiviteten som gir stor meining i små barn sine liv, og det kjem vi til seinare i dette kapitlet. For å få til å møte barn som subjekt må vi heile tida arbeide med haldningar hjå dei tilsette og vår praksis, slik at vi kan nå målet om å kjenne kvart enkelt barn godt og sjå kva dei uttrykkjer.

Demokrati

Barna skal få delta i avgjerdsprosessar og få vere med å utvikle felles innhald. Demokrati vil synes i praksis hjå oss gjennom arbeid med barns medverknad. Vi er opptekne av at barna skal få vere med å påverke sin eigen barnehagekvardag. Vi ser og høyrer kva barna er opptekne av og tek tak i dette både når det gjeld prosjektarbeid og anna dei har lyst til å gjere. Ulike formar for dokumentasjon for å fange opp kva det er barna er opptekne av, for deretter å velje ut noko som vi kan bruke i prosjektarbeid. Barnesamtalar og barnemøte er også noko vi brukar for å få høyre kva barna er opptekne av. Barna er delaktige i prosjektarbeidet gjennom heile prosessen frå start til slutt.

Vi ynskjer at barna skal lære:

- Å ta eigne val.
- Sjå ein sak frå fleire sider.
- Ta omsyn og vise forståing for andre sine kjensler, meiningar og opplevingar.

Mangfald og gjensidig respekt

I barnehagen skal vi synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Dette gjer vi ved å vere opne for spørsmål frå barna og varme og rause i refleksjonen saman med dei. I botnen ligg respekt for kvarandre, og vi freistar å lyfte fram det å vere ulike som ein verdi. Ulikskap og mangfald handlar om så mykje: kulturar, religionar, nasjonaldagar, mat, klede, leikar, musikk, familieformar, interesser, legning, miljø og bygningar.

Gjensidig respekt handlar om:

- At vi som tilsette må anerkjenne og bekrefte barna.
- Vi møter barna ope og ærleg, og syner gjennom måten vi møter dei på at alle er bra nok.
- Barn skal få erfare, vise og bli møtt i alle kjenslene sine.
- Respekt
- Vi møter ulike ønskjer og behov med forståing.

Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik» (Rammeplan for barnehagen s.10).

Barn skal få møte eit likestilt samfunn der vi:

- Seier trivelege ting til kvarandre fordi det er «smittsamt».
- Behandlar alle barn ut frå deira føresetnader.
- Skapar forståing i lag.
- Reflekterer over praksisen vår, ikkje (berre) over haldningane våre, fordi vi er medvitne om at det ikkje er sikkert at det vi gjer er det haldningane våre tilseier.
- Markerer heilagdagane ved til dømes å bringe inn artefaktar som heilage symbol og klede.
- Ønskjer å vekke nysgjerrigheit og undring (for eksempel gjennom bruk av artefaktar , historier etc.).
- Anerkjenner ulike kulturar ved å synleggjere kultur gjennom leik og aktivitetar.
- Nyttar kunnskap om ulike kulturar, da hovudsakleg kulturar som er representert i barnehagen (musikk, bøker og mat).
- Undrar oss over kva kultur er, og veit at kultur ikkje er statisk.
- Veit at alle barn, uansett funksjonsnivå, har rett på ein god barndom i *eit barnefelleskap*.
- Tilrettelegg det fysiske miljøet i barnehagen fordi vi veit at funksjonsnivået til barna handlar om korleis millom anna det fysiske miljøet er.
- Jobbar med ulike morsmål og dialekter.
- Synleggjer ulike skriftspråk som er representert i barnehagen.
- Synleggjer at det finst mange ulike kjønnsuttrykk og at kjønnsidentitet er mangfaldig.



Berekraftig utvikling

«Berekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov» (Kasin, 2019, s. 28).

«Alle barn skal få positive opplevingar i naturen, og moglegheit til å utforske naturen rundt oss. Gjennom at barna får positive erfaringar i naturen lærer dei seg å bli glad i den og ta vare på den. Vi følger bærekraftstrappa, som bidreg til barns danning innan bærekraftig utvikling» (Kasin, 2019, s. 164).



Livsmeistring og helse

Barnehagen skal vere helsefremjande og førebyggjande mot sosiale skilnader. Barnets fysiske og psykiske helse skal ha fokus. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og førebyggje krenking og mobbing.

I dette arbeidet skal vi:

- Vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap. Vi skal gripe inn ved utanforskap og mobbing, dette har vi ein eigen plan for som heiter «Plan for trygt og godt barnehage- og skulemiljø».
- Støtte barn i å mestre motgang og handtere utfordringar.
- Hjelp barna i å bli kjende med egne og andre sine kjensler.
- Gje barna ro, kvile og avslapping i laupet av dagen.
- Gje barna dagleg fysisk aktivitet og stimulere til rørsleglede og motorisk utvikling.

Livsmeistring handlar mykje om oss som tilsette og korleis vi møter barna i ulike situasjonar. Det grunnleggjande for barna når det gjeld livsmeistring i barnehagen, er nettopp korleis dei har det i fellesskapet dei tek del i.

I rammeplanen for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) har òg mat fått større plass enn tidlegare, da det er kome inn som eige punkt under fagområdet kropp, bevegelse, mat og helse. Her står det mellom anna at personalet skal leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtaler og fellesskapskjensle hjå barna (Rammeplan for barnehagen s.50).

Omsorg, leik, danning og læring

Omsorg

I våre barnehagar skal vi:

- Legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og barna imellom.
- Møte kvart enkelt barn med varme, interesse og god omsorg.
- Sørge for ei organisering av dagen som ivaretek barn sine behov for fysisk omsorg, ro og kvile.
- Vera lyttande, deltakande og nære tilsette som legg til rette for at barna knyter seg til personalet og til kvarandre.
- Møter barn med forståing når dei uttrykkjer eigne grenser, verbalt eller på andre måtar.
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg.
- Sørge for at omsorg pregar alle situasjonar i kvardagen.

Dette er ein føresetnad for å trivjast og å ha det trygt i barnehagen. Utvikling av empati og nestekjærleik skjer i dette samspelet, noko som skaper trivsel, glede og meistring.

Leik

For å gje leiken i barnehagen gode vilkår skal vi tilsette:

- Gje barna tid og rom til å leike.
- Sørge for at alle barn har nokon å leike med og høve til å utvikle vennskap
- Legge til rette med allsidig, variert og tilgjengeleg materiell, sørge for at leikemiljøet speglar eit mangfald.
- Sørge for at alle barn kjenner seg verdsett/akseptert av andre barn.
- Skape rom for spontanitet og fantasi.
- Gje barna felles opplevingar og erfaringar.
- Vere tilgjengelege tilsette, som deltek, støttar og utvider leiken, sørge for at barna får utfordringar og opplever meistring.



Danning

«Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar» (Rammeplan, 2017 s. 21).

Våre oppgåver i arbeidet med danningssprossar i barnehagen er å:

- Leggje til rette for meiningfulle opplevingar.
- Støtte barna si tru på seg sjølv og det å ha tilhøyrse i gruppa.
- Leggje merke til barna sine ulike behov, meiningar og perspektiv.
- Syne interesse og støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i gruppa.
- Stille barna gode spørsmål for å utfordre kva dei tenker, og ta dei med i utforskande samtaler.
- Bruke mangfald og ulikskapar for å gje nye opplevingar, skape ny utforsking og læring.



Læring

Vi arbeider etter eit sosiokulturelt læringssyn som bygger på at læring skjer gjennom språk og deltaking i ein sosial praksis. Dei tilsette bidreg med sine kompetanse og erfaringar i læringsprossar der barna sjølv byggjer forståing gjennom å vere medverkande og deltakande.

Vi har gode læringsprossar når:

- Personalet anerkjenner, stimulerer og legg opp til læringsprossar ut i frå barna sine interesser og ut i frå tema det er behov for å arbeide med.
- Personalet deltek saman med barna og undersøker, forskar og ser på samanhengar.
- Personalet legg til rette for å utvide perspektiv og gje nye utfordringar.
- Barna får bruke heile kroppen og alle sansane i læringsprossane.
- Vi tilbyr barn opplevingar og inntrykk som støttar læringsprossane.
- Vi legg til rette det fysiske miljøet som den tredje pedagogen.
- Det blir lagt til rette for at barna lærer både av seg sjølv og saman med andre.
- Gjennom å arbeide slik gir vi barna tiltru til seg sjølv som produsentar av kunnskap.




Inkluderande fellesskap, tilhørsle og venskap

I arbeidet med å få til eit inkluderande fellesskap skal vi:

- Løfte fram ulikskapar som ein verdi.
- Verdsetje og synleggjere mangfald.
- Sjå til at alle barn har status og tilhørsle i gruppa.
- Støtte og ta vare på barna sine etableringar av venskap.
- Arbeide systematisk med demokratiske prosessar for å gje barn erfaring

i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meningar.

- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.
- Syne korleis alle kan lære av alle.
- Handle umiddelbart på eventuelle teikn til diskriminering og utestenging.



Barnehagane og skulane har saman utarbeidd ein plan for det kontinuerlege arbeidet med eit inkluderande fellesskap; «Plan for trygt og godt barnehage- og skulemiljø». Denne planen er ei systematisering av det førebyggjande arbeidet og sikrar oppfølging av dei nye lovheimlane i barnehagelova § 41-43.

Barn sin rett til medverknad

Tiltaka våre for å sikre barn sin rett til medverknad i innhaldet i barnehagen er å:

- Dokumentere barn sine interesser, teoriar og undring og bruke det som utgangspunkt for prosjektarbeid.
- Ta dokumentasjonar attende til barna for å finne vegen vidare saman med dei.
- Vurdere innhaldet saman med barna.
- Ta barna sine synspunkt inn i planleggingsmøte og vurderingsmøte og ta i bruk barnemøte
- utvikle bruk av barnesamtalar.
- Ta barn sine synspunkt med inn i foreldresamtalar.
- Ha jamnleg drøfting omkring rutinesituasjonar.
- Reflektere omkring vaksenrolla gjennom praksisforteljingar.
- Skape ein open kultur for refleksjon omkring veremåte og barna sitt beste.
- Arbeide prosjektbasert fordi det tydeleggjer barn som subjekt, inkluderer og anerkjenner barna sin kompetanse og ivaretek medverknad i eit demokratisk fellesskap.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Føresetnaden for at barnehagen blir ei pedagogisk verksemd er eit kompetent og reflektert pedagogisk personale som omsett føringar i lov og rammeplan til god, inkluderande praksis. Eit kritisk blikk på eigen praksis gir grunnlag for å bli ein lærande organisasjon.

Planlegging

Gjennom gode planleggingsprosessar i personalet skal vi:

- Leggje til rette leike- og læringsmiljøet ute og inne.
- Gje barna gode fellesopplevingar og nye utfordringar for å støtte dei «eit hovud høgare».
- Gje barna høve til å vere aktivt med gjennom heile prosessen, og legge til rette for demokratiske læringsprosessar med vekt på barna sine samtalar, hypotesar og teoriar
- Planleggje prosjektarbeid med ein god struktur som sikrar føreseielegdom og kontinuitet. Det krev pedagogiske vurderingar, refleksjonar, organisering, strukturering og førebuingar i førkant.

For å sikre at barna sine perspektiv blir synlege og vektlagde er det viktig med jamnleg periodeplanlegging. Det er struktur og organisering som blir gjort som langtidsplanlegging i eit prosjekt, det pedagogiske innhaldet må planleggast for stuttare tid for å sikre at vi held tak i barna sine perspektiv og undringar.

Det at barnehagane våre er lærande organisasjonar fører med seg at vi heile tida arbeider med å skape ei felles forståing av oppdraget vårt. Det gjer vi ved at alle tilsette er med på å skape og dele kunnskap gjennom til dømes dokumentasjons- og refleksjonsarbeid. Kompetanseutviklinga til dei tilsette skjer gjennom dagleg praksis. Dette får vi til ved at tilsette sett ord på det som skjer og at dei forsøker å skape undring kring situasjonar.

- Vi reflekterer over det som utfordrar oss og prøver å lære av det.
- Vi veit at vi ikkje klarer å sjå alt, men ved hjelp av refleksjon og kvarandre meiner vi at vi blir medvitne om stadig nye perspektiv.
- Vi freistar å gje rom for det vi ikkje kjenner, men vi er medvitne om at vi ikkje alltid klarer det.
- Vi brukar og utviklar både teoretisk og erfaringsbasert kunnskap.
- Rettleiing har ein viktig funksjon i ein lærande organisasjon.

Dokumentasjon

Vi pliktar å gjere etiske vurderingar når vi dokumenterer, og når vi brukar dokumentasjonsmateriell. Dokumentasjon blir eit pedagogisk verkty når han nyttast som grunnlag for refleksjon i personalgruppa. I pedagogisk dokumentasjon møter teori praksis, og refleksjon legg grunnlaget for ny forståing og utvikling av praksis. Grunngevinga for å bruke dokumentasjonar på denne måten er å synleggjere korleis vi arbeider med å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen.

Dokumentasjon i våre barnehagar er:

- Bilete og tekst som synleggjer barnehagen sin praksis når det kjem til lærings- og danningprosessar, leik og barns medverknad.

- Eit refleksjonsverktøy for å utvikle praksis og innhald.
- Utvikling av ulike dokumentasjonsskjema og praksisforteljingar.
- Bilete av barn i aktivitet som skal nyttast for å dokumentere leikemiljøet.
- Ein viktig del av innhaldet i samarbeidet med foreldra (foreldresamtalar, informasjon og dialog).
- At vi ser på bilete saman med barnet/barna før vi heng opp eller bruker dei i små hefte etc.
- Fotoapparat, videokamera, appen Min Barnehage og pc er viktige arbeidsverktøy som alle tilsette skal kunne nytte.

Vurdering

Vi skal jamnleg vurdere det pedagogiske arbeidet gjennom å:

- Utvikle pedagogisk dokumentasjon som eit verktøy til refleksjon i heile personalgruppa.
- Sørgje for at barna sine erfaringar og synspunkt inngår i vurderingsgrunnlaget.
- Fastsette stopp-punkt gjennom året der vi sett søkelyset på det pedagogiske innhaldet, metodar og arbeidsmåtar, leike- og læringsprosessar og vaksenrolla.
- Reflektere omkring praksisforteljingar og annan dokumentasjon.
- Noko som skal gje grunnlag for å forstå praksis på nye måtar, grunnlag for å endre/utvikle praksis og utvikling av barnehagen som ein lærande organisasjon.
- Bruke barnemøte og barnesamtalar (barnemøte og –samtalar i vid forstand – ikkje berre dei planlagde).
- Utvikle gode rutinar for å gje rom til både barna og foreldra sine synspunkt som ein systematisk del av vurderingsarbeidet.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet til barn som treng ekstra hjelp og støtte

All hjelp og støtte blir difor lagt til rette med utgangspunkt i det sosiale fellesskap barnet er ein viktig del av. Tiltak tek utgangspunkt i tema for gruppa som barnet er ein del av.

- At barn er aktive, tenkjande og handlande subjekt.
- At barn fyrst og fremst er barn som har rett til leik og samspel.

Opplæringa tek utgangspunkt i barnet sine evner og føresetnader, og opplæringa blir tilpassa slik at barnet opplever å vere inkludert. Barnet sitt behov og interesse skal styre val, ikkje metode og teknikkar.

Arbeidsmåtar

«Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåtene kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen» (Rammeplan s.43).



Med arbeidsmåtar meiner vi:

- Å ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet og i arbeid med tema og prosjekt.
- Å vere undrande og nytte opne spørsmål.
- Å veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar.
- Å leggje til rette leikemiljøet inne og ute.
- Å vere opne for improvisasjon, kreativitet og medverknad.
- Å tilføre nye perspektiv, og sørgje for at barna får nye opplevingar og erfaringar i lag.
- Å leggje til rette for at barna kan uttrykkje seg på forskjellige måtar.
- Å nytte nærmiljøet og lokale tilhøve.

Prosjektarbeid

Prosjektarbeid er ein arbeidsmetode for at barna skal kunne fordjupe seg i noko som opptek dei. I vårt arbeid betyr det å stille spørsmål, undersøke hypotesar, utvikle og utvide kunnskap, planlegge og utvikle i eit samarbeid mellom barn, tilsette og føresette, ei leikande tilnærming til ting vi undrar oss over. Å arbeide prosjektbasert inkluderer og anerkjenner barn sin kompetanse, og ivaretek medverknad i eit fellesskap. Prosjektarbeid ruster barna for framtida, fordi det gjev dei verky til å forstå korleis ting heng saman og erfaringar med å reflektere, gjere vurderingar og samarbeide med løysningar.

Kjenneteikn på prosjektarbeid:


- Går føre seg i smågrupper. Samspel og samarbeid mellom barna er vektlagt.
- Er tema- og leikeorientert.
- Er prosessorientert der prosessen og samspelet mellom barna er sterkt prioritert.
- Dei tilsette dokumenterer og synleggjer barna sine spørsmål, utsagn og ulike skapande uttrykk. Dokumentasjonen skal nyttast som eit pedagogisk verky for utvikling av gode læringsprosessar og praksis.

Leike- og læringsmiljøet

Leike- og læringsmiljøet skal vere trygt og inkluderande med tilsette som tek ansvar for og har oversikt over korleis barna har det i barnehagen.

Vi legg vekt på:

- Tid og ro til og respekt for leiken.
- Tilsette som tek initiativ til, starter og held i gang leiken.
- Deltakande, observerande og engasjerte tilsette i leiken.
- Tydelege rom og kroker med tilgjengeleg materiell for leik og skapande aktivitet.
- God variasjon i materialar som gir lyst til å eksperimentere og gjere læringsoppdagingar (materialar med ulike eigenskapar).
- Materialar som gjev idear til å late som og halde fiksjon over tid.
- Materialar som gjev dynamiske moglegheiter.
- Leikemateriell som støttar opp under og inspirerer til vidare undring omkring det barnet er engasjert i.



Progresjon

«Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine» (Rammeplan, 2017 s. 43).

- Vi legg til rette for at barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang.
- Vi er tett på og følgjer opp og utvidar det barna er opptekne av. Vi legg til rette for at barna skal oppleve meistring og noko å strekkje seg etter.
- Vi er medvitne at vi gjennom alle val vi tek har høve til å sørgje for progresjon – gjennom val av materiale, bøker osb.



Digital praksis

Rammeplanen (s.45) seier bl.a. at personalet skal «leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skaper noko gjennom digitale uttrykksformer». Bruk av digitale verkty skal inngå i ein samanheng og på den måten bidra til både leik, kreativitet og læring. Ulike digitale verkty gjer leike- og læringsmiljøet meir variert. Digitale verkty er ein del av barnekulturen og samfunnet i dag. Digital kompetanse er viktig for framtida, skulegangen og arbeidslivet. Det utjevnar ulikheiter og fremmer læring.



I praksis tyder dette for oss at vi:

- Sett fokus på digital dømmekraft gjennom kvardagssituasjonar og ved å ta vare på personvernet til barna. Til dømes at barna skal tenkje over kva for bilete dei vil skal hengast opp/delast av dei, og om dei tykkjer det er greit å bli teke bilete av.
- Vil lære barna å vere kritiske til det dei finn på nett, at ikkje alt på internett er sant.
- Vil skape leike- og aktivitetsmoglegheiter for alle barn. Vi sett i gang leikar og aktivitetar ved bruk av digitalt verktøy som har plass til fleire.
- Er tilgjengelege og proaktive ved å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deira utforsking.
- Skal implementere digitale verkty i barnehagen, vi skal styrke kvarandre si kompetanse.
- Er nysgjerrige og går på tenestesafari hjå kvarandre. Kva er det dei gjer som vi kan lære av?
- Har tydelege forventingar til kvarandre om korleis vi ønskjer å bruke digitale verkty i våre barnehagar, skape ei felles forståing.
- Tenkjer moglegheiter framfor avgrensingar, vi vil vere nysgjerrige på digitale verkty.
- Tilsette skal delta for at barn skal få utforske, leike, lære og skape noko. Dette er tilsette sitt ansvar!

Kommunikasjon og språk

Eit rikt språkmiljø er viktig fordi barna treng språket her og no i lag med andre barn. Felles språk er viktig for deltaking i sosiale fellesskap, etablering av vennskap og læring.

For å fremje språk og kommunikasjon er det viktig å:

- Anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og kroppslege uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira.
- Verdsetje og synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, vere aktive og språkleg medvitne tilsette.
- Vera medviten alle kvardagssituasjonane som arena for språkutvikling.
- Støtte og oppmode barna til å setje ord på kjensler og tankar.
- La barna utforske språket gjennom leik på eigne premiss.
- Gje felles opplevingar og legge til rette for deling av felles opplevingar.
- Lytte.
- Oppmode til og støtte kommunikasjon og samhandling.
- Gi språkstimulering gjennom medviten bruk av bøker, leseaktivitetar, rim og regler, song og musikk og tekstskaping.


Personalet har ansvar for at alle barn gjennom barnehagekvardagen tek del i samspel og aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

Trafikksikker barnehage

Trafikksikring er ein integrert del av barnehagen sitt omsorgs- og opplæringsarbeid og gjennom det skal barna lære å ferdest trygt i trafikken både som køyrande og som fotgjengarar. Dei skal også lære gode haldningar og respekt for trafikkreglar. Som alt anna arbeid i barnehagen må dette skje i nært samarbeid med heim og føresette for at vi skal oppnå gode resultat. Derfor vil føresette bli involvert i arbeidet gjennom temamøte omkring trafikksikring og oppfølging av trafikkopplæring i barnehagen.

Trafikksikring i barnehagen:

- I kommunen sine rammeavtaler for transport blir det stilt krav om godkjende belter og trafikksikker åtfærd. I tillegg har barnehagen nedfelte reglar for sikring i buss.
- Barna blir kjende med sikring i bil/buss, bruk av sykkelhjelm og refleks.
- Tilsette køyrer ikkje barnehagebarn i private bilar.
- Tilsette er kjent med rutiner for sikring på parkeringsplass og ved port, og på turar til fots eller med buss.
- Tilsette er kjent med rutinar for handtering av uforutsette hendingar på turar.
- Barna blir kjent med enkle trafikkreglar, gode haldningar og god oppførsel i trafikken og respekt for trafikkreglar.
- Det blir stilt krav til foreldre og andre som følgjer og henter barna, om sikring av barn til og frå barnehagen. Tilsette har ansvar for å seie frå ved brot på rutinar, – «til beste for barnet».
- Trafikksikring er tema på foreldremøter og foreldre blir involvert i barnehagen sitt trafikksikringsarbeid.
- Rutinar for trafikksikring er underlagt HMS-arbeidet i barnehagen.



Fagområda

Barnehagen har 7 fagområde dei skal arbeide med. Områda går over i kvarandre, og det er difor naturleg at vi arbeider med fleire fagområde samtidig i leik og aktivitet gjennom dagen. Dei skal stimulere barnas nysgjerrigheit, vitebegjær og gje utfordringar som barna kan vekse på. Arbeidet med fagområda tilpassast barnas alder, interesser, barnegruppas samansetjing og andre føresetnader.

Kommunikasjon, språk og tekst

Vi:

- Ser, møter og lytter til alle barna.
- Støtter barnas språk i samhandling med andre barn og vaksne; i daglege samlingsstunder, høgtlesing, samtalar og leik. Språket får barna til å uttrykke kjensler, ønskjer og erfaringar, og hjelper til å løyse konflikhtar og kommunisere godt og positivt med kvarandre.
- Bruker eit godt utvalg av bøker i ulike kategoriar, rim/reglar, bilete, sang, drama og musikk.
- Støtter barnas leik og utforsking med bokstavar.



Kropp, rørsle, mat og helse

Vi:

- Legg til rette for at barna skal få utvikle sine motoriske dugleikar og bli trygg på eigen kropp. Vi bruker området i og utanfor barnehagen aktivt.
- Trener på sjølvstende i naturlege situasjonar, så som av- og påkledning og å smørje maten sin sjølv. Barna er med på å lage mat.
- Har faste tur dagar i barnehagen for kvar gruppe.
- Løftar fram viktigheita av eit godt kosthald og god hygiene.

Kunst, kultur og kreativitet

Vi:

- Legg til rette for at barna får uttrykke seg gjennom bruk av varierte materialer.
- Vi bruker sang, musikk, dans og drama som en naturleg del av kvardagen.
- Gir barna høve til å bli kjende med ulike tradisjonar og kulturar.

Natur, miljø og teknologi

Vi:

- Legg til rette for gode naturopplevingar gjennom heile året, i barnehagen, utanfor gjerdet og på lengre turar.
- Undrar, utforsker og lærer om naturen saman med barna.
- Synleggjer naturfenomen og samanhengar i naturen.
- Gir barna kjennskap til bærekraftig utvikling, der vi samtaler om korleis vi skal ta vare på naturen og å resirkulere det vi kan.
- Vi bruker teknologi saman med barna, så som fotoapparat, datamaskin og Ipad til dokumentasjon.

Mengd, rom og form

Vi:

- Utforskar og oppdagar matematikk saman med barna, i naturlege situasjonar i kvardagen. Omgrep her er telling, sortering, fargar, mønster, måling, orientering, liten og stor, øvst og nedst osv.
- Bruker kroppen til å utforske romet for å utvikle romforståing.



Etikk, religion og filosofi

Vi:

- Bidreg til at barna skal oppleve seg verdifulle og likeverdige, uansett bakgrunn, hudfarge eller livssyn.
- Skaper interesse for mangfaldet i samfunnet; at vi har verden med ulike menneske og levesett.
- Markerer merkedagar, høgtider og tradisjonar og livssyn som er representerte i barnehagen.
- Støtter barna til å samtale og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål for å utvikle eiga kritisk tenking og dømmekraft.

Nærmiljø og samfunn

Vi:

- Bruker nærmiljøet aktivt til å bli kjent, for å skape tilhørslø og orientere seg.
- Vi markerer lokale tradisjonar og besøker samfunnsinstitusjonar.
- Barna lærer om familien og at vi saman er ein del av samfunnet vårt.
- Gir barna erfaring med ulike yrke.



Vi arbeider med fagområda gjennom:

- Prosjekt og tema-arbeid
- Rutinesituasjonar
- Leik
- Samlingsstund
- Arbeid i smågrupper
- Samtaler med barn
- Turar
- Barns medverknad



Samarbeid

Barnehage – foreldre/heim

Nemningane «heimen» og «foreldra» omfattar òg andre føresette.

Foreldra er dei viktigaste personane vi i barnehagen samarbeider med, og saman kan vi leggje til rette for at barna får eit best mogleg opphald i barnehagen. Vi ønskjer at foreldra, på same måte som barn og personalet, skal ha eit eigarforhold til, og kjenne seg stolte over barnehagen «sin».

Foreldresamarbeidet skjer både på individnivå med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerrådet og samarbeidsutvalet.

For å skape godt samarbeid skal vi:

- Møte alle foreldre med anerkjening, tillit og respekt, og gi rom for spørsmål og innspel.
- Gjennomføre oppstartsamtale i god tid før oppstart i barnehagen, og oppfølgingssamtale seinast ein måned etter oppstart.
- Førebu og gjennomføre ordinære foreldresamtalar (minst to i året) som gir rom for gjensidige attendemeldingar, vurderingar og avtalar.
- Informere om barnehagen sitt innhald gjennom årsplan, månadsversikter, informasjonsskriv frå leiinga og gode rutinar for attendemeldingar om kva barnet opplever i barnehagen.
- Sørgje for at foreldre er godt kjende med innhaldet i prosjektarbeid som går føre seg i barnehagen, slik at dei kan bidra på ulike måtar.
- Saman med FAU arrangere møteplassar/møteforum der viktige tema omkring det å vere foreldre generelt, foreldre i vår barnehage og andre viktige saker kan drøftast.
- Invitere til foreldremøter.

Våre forventningar til foreldre:

- Vise interesse og engasjement i barnehagen sitt innhald.
- Be om foreldresamtalar når dei kjenner behov for det, også utanom dei barnehagen kallar inn til.
- Vera opne og ærlege i kommunikasjon omkring barnet – på den måten kan vi bidra til beste for barnet.
- Sørgje for at barna har nok av det dei treng av klede og sko til kvar tid i barnehagen, setje på namn/merking og halde orden i korga med klede.
- Delta på møte som blir arrangert i regi av barnehagen og /eller FAU.
- Kontakte styrar eller ped.leiar ved eventuelle spørsmål og attendemeldingar.

Foreldreundersøking

Vi bruker foreldreundersøkinga frå utdanningsdirektoratet (UDIR). I foreldreundersøkinga får foreldre seie sine meiningar om barnehagetilbodet, barna sin trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage, informasjon og lokale og uteareal. For at vi skal kunne bruke resultatane frå undersøkinga til vidare utvikling av barnehagetilbodet er vi avhengig av ei deltaking på rundt 60 %. Undersøkinga vil bli gjennomført i november anna kvart år.

Formelle samarbeidsorgan i barnehagen

Foreldreråd: Foreldregrupper er eit eige felles organ, der foreldra kan ta opp og drøfte felles saker. Foreldrerådet er alle foreldra som har barn i barnehagen, og det er foreldra som organiserer dette arbeidet.

FAU – foreldrerådets arbeidsutval

Det blir valt ut representantar frå foreldrerådet til foreldrerådets arbeidsutval, som fungerer som styringsorgan for foreldrerådet. FAU har som oppgåve å ivareta foreldra si kontakt med barnehagen. To representantar frå FAU sitt i samarbeidsutvalet.

Arbeidsoppgåver til FAU

- Fremje felles interesser til foreldra.
- Medverke til at foreldra er aktivt med i arbeidet for å skape eit godt miljø i barnehagen.
- Bidra til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim.
- Skape kontakt mellom barnehagen og nærmiljøet.
- Føreslå aktuelle tema for foreldremøte.

SU – samarbeidsutval

Utvalet er sett saman av foreldra og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Kvar barnehage har sitt samarbeidsutval. Barnehageeigar skal sørge for å leggje fram aktuelle saker for samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.

Samarbeidsutvalget består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget (Barnehagelova §4).

Arbeidsoppgåver til SU

- Fastsetje årsplan.
- Uttale seg når det gjeld søknad om dispensasjon frå utdanningskrav/norm for pedagogisk leiar.
- Arbeide for gode felles løysingar.
- Andre saker: budsjett, driftsendringar og liknande.

Tverrfagleg samarbeid

I kommunen er det etablert gode ordningar og rutinar for tverrfagleg samarbeid. Barnehagane samarbeider med pedagogisk-psykologisk rådgjevingsteneste (MGPP), fysioterapitenesta, helsestasjonen, skulane, biblioteket og barnevernstenesta.

Det er etablert eit barne- og ungdomsteam (BUT) som møtest to gangar i halvåret i kvar skule/barnehage. Barnehagane kan her ta opp aktuelle problemstillingar og òg drøfte utfordringar for kvart einssilde barn etter avtale med foreldra. Teamet sikrar på ein god måte tverrfagleg og

heilskapleg tenking, og bidreg med rettleiing. Samarbeid omkring kvart einskilde barn, er alltid i samarbeid med foreldra og treng foreldra sitt samtykke for å bli teke opp som sak i BUT.

Barnehage, helsestasjon og fysioterapitjenesten har starta eit samarbeid under overskrifta

**«Samarbeid til barnets beste – eit godt liv her og no
– eit godt liv i framtida»**

Dette er systemretta samarbeid som skal føre til at barnehage, fysioterapitjenesta og helsestasjonen utviklar gjensidig kunnskap om arbeidet til dei andre partane. Det skal vere låg terskel for kontakt slik at ein tidleg kan innleie samarbeid til det beste for barnet. Dette skjer alltid i samarbeid med foreldra.

Personalet i barnehagen har opplysningsplikt i følgje barnehagelova § 45–46. Denne opplysningsplikta gjeld alle tilsette.

*§ 45. Opplysningsplikt til sosialtjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten
Barnehagepersonalet skal gi sosialtjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten bistand i klientsaker. De skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som bør føre til tiltak fra kommunens side, og skal av eget tiltak gi sosialtjenesten eller den kommunale helse- og omsorgstjenesten opplysninger om slike forhold. Av eget tiltak kan opplysninger bare gis etter samtykke fra klienten, eller så langt opplysningene ellers kan gis uten hinder av taushetsplikt. Opplysninger skal normalt gis av styrer.*

§ 46. Opplysningsplikt til barnevernet


Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenesten.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barneverntjenesten uten ugrunnet opphold

- a) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt,*
- b) når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling, eller at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring,*
- c) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel.*

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, plikter også å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barnevernloven § 6-4.

Det er laga ein brosjyre «Frå bekymring til handling» som på ein god måte viser korleis det blir arbeidd når barn og foreldre treng hjelp og rettleiing frå andre instansar utanfor barnehagen.




Overgangar

I løpet av barnehageåra vil barnet oppleve fleire former for store og små overgangar. Barnehagane legg til rette for overgangar med gode rutinar og tett dialog med foreldra.

Oppstart i barnehage

Barnehagestart er ein stor overgang i eit lite barn sitt liv. Det er eit skifte frå å ha vore heime med foreldra sine i ein føreseieleg kvardag, til ein arena med mykje folk og nye rutinar. Små barn treng lang tid på å gjere seg kjende og føle tryggleik. Hovudoppgåva i barnehagen i oppstarten er å organisere tilvenninga på ein slik måte at barnet kan oppnå ein sekundær tilknytning, det vil seie å utvikle ein trygg tilknytning til ein ny vaksen i barnehagen. Det er utarbeidd ei eige brosjyre om tilvenning i våre barnehagar.



Overgang mellom barnehagar og mellom grupper internt

Med omsyn til overgangar mellom barnehagar og mellom grupper internt i kvar barnehage legg vi vekt på god dialog med foreldre i god tid før overgangen.

Vi tilbyr foreldresamtalar der styrar og /eller pedagogisk leiar frå ny barnehage/gruppe deltek slik at vi sikrar god overføring av informasjon om barnet.

Vi legg òg til rette for besøk i ny barnehage/gruppe i lag med foreldre og/eller tilsette som kjenner barnet.

Overgang frå barnehage til skule

I barnehagen skal barna få allsidige erfaringar som vil liggje i botnen når dei seinare skal tileigne seg fagstoff i skulen. Gjennom heile barnehageløpet blir det jobba tverrfagleg, og læring skjer både gjennom planlagde aktivitetar, kvardagssituasjonar og lek. I tillegg blir det lagt til rette for aktivitetar som er retta mot sjølve overgangen til skulen. Heile mandatet gjennom heile barnehagelaupet, med omsorg, lek, læring og danning der barn si aktive deltaking er særskild viktig for korleis barna opplever å vere barn i barnehage og korleis dei opplever at egne tankar og meingar har verdi. Vi legg vekt på:

- Felles opplevingar, samspel, leik og dialog.
- At barna får oppleve ein meningsfull kvardag her og no med utforsking og nye utfordringar, meistring, fellesskap og glede. Det gir eit godt grunnlag for vidare utvikling.

I laupet av åra i barnehagen skal barna ha fått:

- Erfaring med at dei er viktige og høyrer til i eit fellesskapet, og at deira stemme blir lytta til.
- Tru på eigen kompetanse.
- Lærelyst. Dei tilsette i barnehagen møter alle barna der dei er i si utvikling, og gir dei høve til å oppleve meistring og glede.

Det å vere eldst i barnehagen er spesielt og vi ønskjer at dei som gruppe skal kjenne på at dei står på terskelen til noko nytt. Både barnehage og skule meiner det er viktig å arbeide med det sosiale i gruppa slik at alle kjenner seg viktige i gruppa, og at dei kan omgåast kvarandre på ein god måte. Vi meiner det er avgjerande for å skape ein god samanheng at vi får tak i kva/korleis barna opplever samanheng. Gjennom t.d. barnesamtaler freistar vi å få tak i barna sine tankar kring det å starte på skulen. Det er utarbeidd ein eigen rutineplan for arbeidet med overgang frå barnehage til skulen. Planen blir sendt ut til føresette med barn som går siste året i barnehagen.

Tilsyn

Tilsyn er eit av verkemidla barnehagemyndigheit har for å sikre barnehagar med høg kvalitet. Tilsyn har som formål å sjå til at krav i barnehagelova blir følgde og sikre barnehagemyndigheit god innsikt i kva som går føre seg i alle barnehagane i kommunen, både kommunale og private. Barnehagemyndigheit har også rettleiingsplikt overfor alle barnehagane i kommunen.

Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu har inngått samarbeid om å utøve tilsyn hjå kvarandre for å oppnå naudsynt forvaltningsmessig distanse. Planen for interkommunalt tilsyn er vedteke av kommunestyra i dei tre kommunane. I praksis betyr dette at kvart tredje år fører Sør-Fron og Ringebu tilsyn med barnehagane i Nord-Fron. Barnehagemyndigheit, altså kommunen fører også tilsyn. I tillegg til at Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, kan embetet i særlege tilfelle også føre tilsyn med den einskilde barnehage.